



773 millionar til bioenergi

Det har dei siste åra vore stadig sterkare satsing på bioenergi, men aktørane har lidd under marginal inntening. No har teknologi, infrastruktur og kunnskap gjort det mogleg å betre økonomien for anlegga radikalt, og det er forventa at 2007 vil bli året der bioenergi for alvor slår gjennom i folk si bevisstheit. Regjeringa har i Statsbudsjettet løyvd 773 millionar kroner til områder som fell innunder omgrepet bioenergi. Investeringsstøtta til infrastruktur for vannbåren varme og til bygging av varmesentralar vil bli styrka. Som eit apropos kan nemnast at det finst store innsparingspotensial. Rørleggjar-kostnader har variert med over 100% mellom ulike tilbydarar, og utbyggjarar anbefaler komande energi-entreprenørar å vurdere å importere røyr sjølv.

I diskusjonen kring driftsøkonomi må det tidleg gjerast merksam på at det berre er virke med låg alternativ pris som gjer god økonomi som biobrensel. Å anbefale aktørane å gå til innkjøp av eige flisingsutstyr kan derfor bli vanskeleg å forsvare i områder som vert dekkja av bulkleveransar med flis. Eit alternativ kan vere at fleire skogeigarar i eit avgrensa geografisk område går saman om investeringar eller levering av flis eller virke. Frå og med 2007 vil det og verte ei utviding av ordninga med skogsfondsmidlar. Den utvida ordninga vil innebere store skattefordelar for skogeigarar som investerar i bioenergi. Det vil vere ein premiss at energien skal leverast ut frå bruket; altså er det snakk om sal av energi/varme. Departementet kjem tilbake med utfyllande retningslinjer mot slutten av desember, men det er allereie no klart at skogeigarar hermed kan begynne å ta ut betydeleg inntekt og skatteutbytte frå skogen. FMLA har i så måte ein viktig veiledningsoppgåve å gjere opp mot kommunane og skog-eigarane.

Arne-R. Stadaas
1. konsulent

Mobilt slakteri og avfallshandtering

Den 19.09.2006 starta slaktingen fullt i Aurland, med heilkjede leveranse til Fretheim Hotell.

Mobilslakt AS har slaktet ca 19 tonn på 25 slaktedagar. Det har vert slakta for 41 produsentar, nokon har hatt Mobilslakt AS hos seg to gonger. Ein stad var det bare 12 villsaulam, men samtidig var det frå landbrukskontoret sendt ut informasjon om at det ville vere opent for demonstrasjon av slakteriet.

Mobilslakt AS forskotterar grunntilskot og distriktstilskot for staten til bøndene. Dette utgjer ei avregning for september og oktober, på kr. 123000,-. Det er for 15340 kg slaktevekt. Beløpet refunderas frå staten etterskotvis med ein månad. Bonden betaler kr. 15.50/ for småfe, og kr. 11,- / for storfe og gris. Mobilslakt har kapasitet på 100 småfe /dag – planlagt var 50 småfe/dag. Ca 1 tonn pr dag er nødvendig for å få økonomisk dekning.

Mobileslakteri og utfordringar knytt til nedgraving av slakteriavfall og avfallshandtering av større mengder slakteriavfall.

Heimelen til nedgraving av slakteriavfall på eigen gard ligger i kapittel 2. alminnelege bestemmelser om forureining, direkte i § 8 i forureiningslova - begrensingar til å unngå forureiningar. Dette gjeld i den grad det ikkje er gjeve andre forskrifter i §9.

SFT sin veileidar og forarbeidet til forureiningslova legg grunnlaget for tolkinga. Vanleg forureining frå landbruket gjeld heimeslakting, der 50 småfe (men ikkje 50 storfe) må sjåast som det som ligg innanfor ramma. Dette tilsvarar det som normalt vert slakta på gard i sesongen. Nedgravinga må skje på fornuftig måte, med minst 50 cm overdekking og det må takast omsyn til mulig avrenning til drikkevatt og moglegheiter for smittespreiing. Kvar enkelt bonde er ansvarleg for ein fornuftig nedgraving. Dette er å sjåast på som lågrisikoavfall, dvs. rester etter dyr, som er godkjent som mat avfall (restavfall).

Kommunen har ikkje heimel til å fatte egne vedtak her.

Ein treng ikkje søkja eller godkjenning frå FMLA, då dette er eit unnatak i forureiningslova.

Med oppsamling frå fleire dyr, må slakteriavfallet avhendast til destruksjon.

Det nye mobile slakteriet "Mobilslakt AS" har vore i møte med Mattilsynet og det er i den samanheng kome fram ynskje om å

slakte / la slaktebilen stå på faste slakteplassar rundt kring i fylket, slik at fleire bønder kan kome med dyra til slakting. Dette for at slaktinga skal kunne vere meir effektiv og at ein kan ha tilgang til straum og godkjent vatn.

I den samanheng er det ynskje om å få ei vurdering frå kommunane korleis ein skal løyse slakteriavfallsproblematikken ved ein eventuell felles slakteplass. Frå Mattilsynet si side vert det understreka at dette ikkje er snakk om risikoavfall, men kun avfall frå spiseleg vare. Alt som er risikoavfall vert teke hand om gjennom eit eige system og vert sendt til destruksjon i sentrale anlegg.

Mengde avfall det er snakk om som kommunane må vurdere korleis ein kan handtere, kan vere mellom 500 og 1000 kg. Mobilslakt AS har ein kapasitet på opp i mot 100 småfe pr/dag

Spørsmålstillinga er difor:

- Kan ein nytte kommunen sitt eksisterande avfallsanlegg?
- Ligg det begrensingar knytt til ei slik handtering av avfall?
- Korleis kan kommunen legge til rette for ei slik avfallshandtering når det gjeld avfall frå fleire bønder?

Gunnar Nagell Dahl
Matattaché

